

Av: Stord kommune
Publisert: 16.11.2009

Foto: Marius Hope
Oppdatert: 20.04.2017

# Om Stord

Stord ligg sentralt i Sunnhordland mellom Stavanger og Bergen. Kyststamvegen E39 går over Stord, og Stord lufthamn har faste daglege ruter til og frå Oslo. Kommunen utgjer den sørlege delen av Stordøy i tillegg til den mindre øya Huglo. Nord på Stordøy ligg Fitjar kommune. Gjennom Trekantsambandet er Stord landfast med Bømlo og Haugalandet/Haugesund.

## Vekst og endring

Stordsamfunnet har i heile etterkrigstida vore prega av vekst og endring. Skipsbyggings- og seinare den oljeretta industrien har vore motoren i næringsutviklinga.

Samfunnet er som næringslivet internasjonalt retta. Det fleirkulturelle samfunnet gjer at ein er opne for variasjon, nye idear og tankar til beste for komande generasjonar.

## Alt er nært

Ikkje minst er Stord byen og senteret i regionen Sunnhordland med mange og varierte tilbod innan privat og offentleg tenesteyting, handel og undervisning, idrett og kultur.

Byen sine unike fortrinn er at "alt er nært"; både fjord og fjell, kulturtilbod, arbeidsplassar, offentlege etatar, handelssentra og uteliv.

**Fakta**

- Verdas største nynorskkommune
- Senter for leverandørretta oljeindustri i Norge. Større verksemder er Kværner Stord AS, Wärtsilä AS og Apply Leirvik
- Regionsenter i Sunnhordland. Sunnhordlandsregionen har ca 60 000 innbyggjarar fordelt på 7 kommunar
- Høgskulesenter - Høgskulen på Vestlandet
- Sjukehus – Stord sjukehus
- Flyplass – Stord lufthamn
- Kommunesenter: Leirvik
- Areal: 144 kvadratkilometer
- Folkeltal: cirka 18 821
- Arbeidsplassar: cirka 9223
  - Tenesteyting, privat/off: 63,1 %
  - Industri, bygg/anlegg: 33,8 %
  - Primærnæringar: 0,8 %
  - Andre: 2,24 %